

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

1. Folkevaldopplæring:

Kontrollsjefane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Rogaland og Hordaland fylkeskommunar hadde telefonmøtet 11.04.2018 for å diskutere stad og tid for ei felles samling tilsvarande den som vart halde i Molde i januar i år. Det vart semje om at samlinga skal haldast i Stavanger-regionen. Det kom elles fram at Hordaland og Sogn og Fjordane ønskjer at samlinga skal haldast hausten 2018, medan Rogaland og Møre og Romsdal ønskjer å ha samlinga i januar 2019. På bakgrunn av dette kom ein fram til følgjande forslag til aktuelle datoar:

- a. 6. – 7. november 2018
- b. 7. – 8. november 2018
- c. 8. – 9. januar 2019
- d. 9. – 10. januar 2019

Alle dei føreslåtte datoane passer for alle i kontrollutvalet.

2. Møte i kontrollutvalet 27. – 28.08.2018

Kontrollutvalet har tradisjon for å halde eit to-dagars møte ute i fylket. Dei siste åra har dette møtet vorte halde:

- 2014 Ullensvang/odda
- 2015 Bergen/Os
- 2016 Brussel
- 2017 Bømlo/Stord

Slike møte har t.d. innehalde besøk i kommuneadministrasjonar, synfaringar/besøk på fylkeskommunale einingar eller einingar som får fylkeskommunale tilskot.

I dette møtet er det ønskeleg at det vert teke stilling til kor turen skal gå og ønskje om kven ein vil besøke. På bakgrunn av det kan sekretariatet leggje fram ei skisse på program på neste møte.

Kontrollutvalet vart samde om å legge 2-dagars møtet i august til Voss. Besøket kan t.d. innehalde besøk på nye Voss vidaregåande skule, Voss kommune, nye Voss herad, Vindtunnelen, mv. Sekretariatet vert beden om å lage eit forslag til program til møte 04.06.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Alle dei føreslåtte datoane for neste felles folkevaldopplæring for kontrollutvala i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Rogaland og Hordaland fylkeskommunar passer for alle i kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet vart samde om å legge 2-dagars møtet i august til Voss. Besøket kan t.d. innehalde besøk på Voss vidaregåande skule, Voss kommune/Granvin herad, Vindtunnelen, mv. Sekretariatet vert beden om å lage eit forslag til program til møte 04.06.2018.